



Dato: tirsdag 7.april 2009

## Soknepresten si Årsmelding 2008

Kjære vener!

*Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!*

**Dette er den 7.årsmeldinga eg skriv til dykk. Eg er takksam for tenesta eg fekk mellom dykk, og hugsar på dykk i mine bønner kvar dag. Eg er "skikkeleg" glad i dei to kyrkjelydane mine!**

Eit sentralt spørsmål på Seniorprest Per Fimreite sine nådegåveseminar i 2008 og no sist vinter var: "Er vi ein kyrkjelyd?" Og, "Kva for konsekvensar får det om vi er ein kyrkjelyd?" Det er i teneste for Herren med å bygge Hans Kyrkje mellom oss at vi óg treng nådegåvene, både dei "frie" og dei vi finn knyttta til faste tenester i kyrkjelyden.

Det følgjande ordet er sagt til apostellæresveinen Timoteus, men har aktualitet for alle truande:

***"Difor vil eg minna deg om dette: Kveik på nytt den nådegåva frå Gud som er i deg, den du tok imot då eg la hendene på deg! For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus, men ei ånd som gjev kraft og kjærleik og visdom."(2.Tim.1,6-7)***

Eg sa det i fjor, men må ta det oppatt: Det å feire gudsteneste er det viktigaste vi gjer som kristen kyrkje og lokalkyrkjelydar. Her vert menneske kalla inn til dåp og tru, og til å følgje Jesus Kristus. Dei truande får trøyst og kveik i trua, dei uomvendte kall til å ta i mot Kristus. Og her bygger vi Guds kyrkjelyd mellom oss. Det er denne oppgåva eg har fått som Dykkar prest.

### Kommentarar til Årsstatistikken for 2008.

Først nokre kommentarar til årsstatistikken. Gudstenesteframmøtet gjekk nominelt litt opp frå **8164** i 2007 til **8211** i 2008. Men talet avspeglar nok óg i fjor meir status quo enn reell auke, dessutan tel det nok at vi i 2008 hadde **81** gudstenester i prestegjeldet, mot **73** året før. Det er elles i Blomvåg det er auke(**400+**), dette med 7 fleire gudstenester(**48**) enn i 2007(**41**). I Hjelme er det ein reell reduksjon(**350+**), dette med 3 gudstenester mindre(**33**)enn året før(**36**). Talet på nattverdgjester i prestegjeldet er endå meir ned, i 2006 var talet **2127**, i 2007 **1742**, og i 2008 **1596**.

### Kommentarar til Kyrkjeleg Årsstatistikk 1990-2008.

Det er til årsmøta dette året laga ein omfattande statistikk som nok seier ein del om den åndelege situasjonen i Øygarden Prestegjeld over nesten 20 år. Generelt er inntrykket at prestegjeldet synest å vere ganske stabilt når det gjeld nominelle tal for gudstenestedeltaking, gudstenestedeltaking i snitt, gudstenestedeltaking i % av folketalet, nattverddeltaking, og nattverddeltaking i % av gudstenestedeltaking på søn-og helgedagar(dette siste er eit "flatt" tal, på mange søndagsgudstenester er talet gjerne 50 %.) Ein skal vera varsam med å dra for sterke konklusjonar, truleg er mange av variasjonane naturlege, men eg skal peike på nokre viktige poeng:

Først: Det er mykje å gle seg over:

Vi har kontakt med mange menneske. Mange ber borna sine til dåpen, mange vel kyrkjeleg konfirmasjon, og få melder seg ut av kyrkja. Men talet på vigde har dei siste åra vore under snittet.

Og mange vil framleis høyre Guds Ord! Sett i litt lengre perspektiv har me i 2008(altså **8211**) nominelt betre tal for gudstenestedeltaking enn i 2004(**7092**), 2005(**7425**). Snittet på **106** verkar ganske normalt.

Men kva med det heilage nattverdsakramentet? Talet på nattverdgjester var i desse åra høgare enn i 2008(**1596**), høvesvis **1722** og **1645**. Og begge år var nattverdprosenten betre enn i

## Soknepresten i Øygarden



fjor(**19,4**) heile **23,1** og **25,8**. I 2006 var same prosent **24,3**, men i 2007 **21,3**. Eg spør: Er me inne i ein reell nedgang på talet på nattverdgjester?

Nokre seier til meg: Folk "sluttar å gå i kyrkja" på grunn av kyrkjesituasjonen. Men eg seier attende: I Øygarden er det "business as usual". Og slik vil eg halda fram i truskap mot Herren og det kallet Han gav meg, så langt det står til meg. Klassisk kristendom trengs framleis i Dnk! Lat oss ikkje verta usynlege, men med frimot halde oppe flagget!

No kan nok óg talet på nattverdgdustenester ha innverknad på talet nemnd over:

Det var i 2008 nattverd på **23 av 48** gudstenester i Blomvåg kyrkje og **18 av 33** i Hjelme kyrkje, i 2007 var tala **23 av 41** i Blomvåg, og **19 av 36** i Hjelme. Talet på nattverdgdustenester ligg altså på ca.50% av det totale. Er ikkje dette talet er for lågt? Og det kan vel ikkje vere rett å seia som nokon har gjort: "Det er for mykje nattverd?"

Vi må óg merke oss at % for gudstenestedeltaking (snitt **3,12**) sett i høve til folketalet i kommunen går ned (siste året **2,5**), noko som tyder på at vi ikkje hentar noko særleg kyrkjevekst frå nye innbyggjarar i kommunen.

Kva elles med kyrkjevekst i det heile: Eg trur det må vere rett å seia at mange vert bevart i trua. Men kor mange nye "kjem med" som resultat av det vi driv med, frå glede til sorg, frå gudsteneste til småsamling? Kor mange tek imot Kristus som sin Herre og Frelsar?

Sokneprest og medhjelparar nyttar mykje tid både i planlegging av og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, og vonar at Ordet om Kristus Jesus skal nå inn til den einskilde både i sorg og glede.

Ta med deg ein til kyrkja neste gong du kjem til gudsteneste! Og tenk "Søndag er Kyrkjedag" t.d. i cellegruppene, og på bedehusa sine samlingar.

Talet på gudstenestedeltaking for Blomvåg i 2002 er ellers korrigert, då talet i statistikken for det året var feil. Gudstenester utanom søn- og helgedagar var ikkje talt med i totalen, og det første talet som var oppgjeve var difor for lågt.

Eg vil i denne årsmeldinga så konsentrere meg om to viktige tema:

### **Evalueringa av prøveliturgi "Den store lovsongen"**

Den norske kyrkja er no i ein mellomfase mellom ny liturgi som kjem i 2011, og gamal liturgi frå gudstenesteboka (1977-1992). I denne mellomfasen har Øygarden prestegjeld nytta seg av heimelen frå kyrkjerådet til å nytte "Fleksibel bruk av Gudstenesteboka", og å ta del i gudstenestereforma. Liturgien Den Store Lovsongen "Øygardsliturgien" er eit uttrykk for desse reformene og saman med fleksibel bruk av salmebøker vart dei vedteke for prestegjeldet av sokneråda 1. februar 2006. (Soknerådssaker 08/ og 09/06.) Saka vart så handsama på bispevisitasen 13.-17. september 2006, og Bjørgvin Biskop sa i visitasforedraget sitt etter visitasgudstenesta 17. september: " Dette skal evaluerast skikkeleg med utsending av spørsmål når (prøve)perioden er over."<sup>1</sup> Saka vart vidare handsama på "Ettervisitasen" 18. september 2007.

Men evalueringa kom seint igong då bispekontoret skulle skaffe eit eigna skjema frå kyrkjerådet. Dette kom særst seint (hausten 2008), og då etter mykje purring frå oss sjølve. Men det synt seg fort at det aktuelle skjemaet ikkje kunne brukast. Vi laga då vårt eige hefte, utsendt etter ny handsaming i sokneråda 8.-15. oktober 2008, der det vart gjort vedtak om å evaluere "Den store Lovsongen".

Anonym evaluering etter utsending av hefte til dette bruket saman med meir bakgrunnsstoff i ekstrahefte gjekk føre seg dei siste månadene 2008. Salmebokspørsmålet vart ikkje teke opp ved dette høvet.

---

<sup>1</sup> <http://www.stellamaris.no/visprot.htm>

## Soknepresten i Øygarden



(Denne saka handlar ikkje om kva for stilling Øygarden Prestegjeld skal ta til utkastet til ny Høgmesseliturgi. Ny ordning for hovedgudstenesta skal etter det som no ligg føre vere ferdig til bruk frå første søndag i advent 2011. Det er tvil om ordninga i Gudstenesteboka 1977-1992 kan nyttast etter dette. Eg kjem seinare attende til den saka.)

### Resultat av evaluering "Den Store Lovsongen" pr. 21. januar 2009:

III(3)	Eg vil at Den Store Lovsongen-"Øygardsliturgien" skal halda fram.
IIIIIIII(9)	Eg vil at Den Store Lovsongen-"Øygardsliturgien" skal halda fram, men med endringar som går fram av kommentarfeltet.
III(3)	Eg vil gå attende til liturgien frå Gudstenesteboka 1992
(0)	Eg vil gå attende til liturgien frå Gudstenesteboka 1992, men med endringar som går fram av kommentarfeltet
I(1)	Eg veit ikkje.

**16 innkomne skjema**

Kommentar:

Det er særst liten respons på evalueringa. Det er likevel klårt at det er fleirtal(12) for at Den Store Lovsongen-"Øygardsliturgien" skal halda fram, del fleste(9) ønskjer endringar som går fram av kommentarfeltet. Tre(3) ønskjer å gå attende til Høgmesseliturgien av 1992, og ein(1)veit ikkje.

Nokre av dei som uttalar seg nyttar høvet til å ta opp andre spørsmål i kyrkjelyden enn sjølve spørsmålet om kva for liturgi som skal nyttast, slik som den påtakelege skilnaden på gudstenester frå prestegjeld til prestegjeld, talet på kyrkjegjengarar, salmesongen sin funksjon, bruk av ymse salmebøker, bruk av dataljosbilete og/eller salmebok, plassering av barnesong/samling, talet på tekstlesingar, kor presten skal stå når han held preika, betre presentasjon av kunngjeringane, bøn for misjonæra, bruk av intinksjon ved nattverden, og utsendingsord. Ingen ting av dette har med spørsmålstillinga å gjere, men det er tydeleg nok at når gudstenesta vert sett på dagsorden engasjerer det mange.

Ein ser ut til å gje uttrykk for at dette er katolsk, utan å grunngje noko meir.

Evalueringa gjev ikkje mykje konkret når det gjeld Den Store Lovsongen-"Øygardsliturgien".

Dei fleste som uttalar seg seier at nattverdliturgien lyt forkortast/forenklast. Men dette vart alt gjort etter Bispevisitasen 2006 i samspel med sokneråda. Og det med ein versjon kor nattverdliturgien er 18 linjer lengre enn 1977-1992 versjonen. Det ser likevel ikkje ut til at denne endringa er registrert.

### **"éin Herre, éi tru..."Om å bygge nye forsamlingar.**

Liberaliseringa av Den norske kyrkja ser ikkje ut til å bremse opp, tvert imot. Det er ikkje til å undrast over at truande menneske i desse dagar ønskjer seg *forsamlingar* som står i eit friare tilhøve til kyrkja. Med dette omgrepet tenkjer ein helst i dag på noko meir enn tradisjonelle bedehusforsamlingar, for slagordet "alt under ett tak" har fått vind i segla.

Ein kan likevel undre seg over at ikkje skipinga av nye forsamlingar har kome før. Kyrkjekrisa har jo vore ein realitet i mange år, ikkje minst gjennom heile mi prestedtid frå 1978 av.

Eg var frå tenåra midt på 60-talet med i kampen for Evangeliet. Eg feira i fjor å ha fått vere med i fulltidsteneste for Herren i 30 år. Eg har trufast stått i førstelina som prest både i Romsdal, på Sotra og no i Øygarden. Eg valde frå tidleg av å engasjere meg i Vedkjenningsrørsla i kyrkja, både i Bibel og Bekjennelse, Kyrkjeleg Fornyning og Kontaktnettet. Utanom i tradisjonelle kristne misjonsorganisasjonar som Laget, KFUK/M, Santalmisjonen, og Israelsmisjonen.

Og mens vi snakkar om forsamlingsbygging: Eg var nær opprettinga av Samråd på Kirkens Grunn(SKG) i 1990/91, og var 1998-2001 Vegleiar i Bjørgvin og Stavanger Bispedøme.

## Soknepresten i Øygarden



Seinast med lovene av 2000<sup>2</sup> ser vi at SKG er ei rørsle på luthersk grunn, og både ønskjer å arbeide i kyrkja, og på økumenisk basis. Men arbeidet i SKG vart lagt ned i 2004 då dei mest profilerte i leiinga hadde konvertert til den nye kyrkja vi hadde lagt grunnen til(NKK<sup>3</sup>).

Eg ser det slik at SKG sin modell med en "sluse" mellom eit nytt kyrkjesamfunn og Dnk likevel kan vitaliserast. Dette vil nok vere ein betre modell enn dei meir-eller mindre lausrivne lokale forsamlingar vi no ser vekse fram fleire stader. Til tross for edle motiv hjå gründerane vil nok mange av desse få problem med å halde oppe aktiviteten i lengda. Å drive ein kristen *forsamling* (*eigentleg same ordet som kyrkjelyd og sokn!*) krev t.d. ikkje bare møteaktivitet, men óg diakoni og sorgarbeid om ein skal vere truverdig. Og det å *halde ut i trufast teneste krev djup åndsfylde*. Det veit eg noko om med mi erfaring. Det er diverre altfor lett å spore av frå sann kristen tru og eit rett kristent liv. Og *teologisk kunnskap og teft* må ikkje foraktast. Heller ikkje arbeidet for kristen einskap.

Det er ikkje for ingenting at Den Heilage Apostel må formane dei truande i Efesos:

***"Så legg eg dykk på hjartet, eg som er fange for Herrens skuld, at de må leva eit liv som er verdig det kallet de har fått: mildt, audmjukt og tolmodig, så de ber over med kvarandre i kjærleik. Gjer alt de kan for å ta vare på einskapen i Anden, i den fred som bind saman:***

***éin kropp og éin Ande,  
liksom de fekk éi von då de vart kalla,  
éin Herre, éi tru, éin dåp,  
éin Gud og Far for alle,  
han som er over alle  
og gjennom alle og i alle."*(Ef.4,1-6)**

For å møte alle utfordringar trengs eit breitt vedkjenningstru kyrkjeleg alternativ, bygd på dei gamalkyrkjelege og lutherske vedkjenningsskriftene si forståing av Guds Ord, akkurat som SKG la opp til. Og vi må ta med oss erfaringane frå kyrkjekampen under siste krig nedfelte i Kirkens Grunn.(1942) Kanskje kan det gledelege nye tiltaket Carissimi<sup>4</sup> tyde noko. Men fronten lyt nok vere breiare enn som så.

Eg trur det ville være interessant for mange truande om Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)<sup>5</sup> ville vurdere å arbeide på same måten som SKG gjorde for 10 år sidan: Skiping av eit nytt kyrkjesamfunn med opne liner til statskyrkja med høve til medlemskap i begge samanhenger. Gjerne óg kontakt med andre organisasjonsfolk som tenkjer i same retning, DELK og den delen av Frikyrkja som er på tilsynsmann Thomas Bjerkholt si line.

Gløym heller ikkje i dette biletet dei mange gode kyrkjelege råd, leke tenarar og prestar som framleis står *trufaste på post-i Den norske kyrkja*.

Om nokon ikkje har fått det med seg: Hjå oss i Øygarden er det faktisk *framleis* slik at det er bibelsk forkynning og kyrkjepraksis. Det er Gud Herren Jesus Kristus som *framleis* rår i soknekyrkjene. Over heile spekteret: Frå glede til sorg, og med god kontakt med folkekyrkja-så lenge det varer.

Eg trur at NLM med sin landsdekkjande og internasjonale profil(eks.misjonsarbeidet i Kenya) kan vere ein interessant kyrkjeleg basis på vegen vidare om dei veljer den samarbeidsmodellen på landsbasis som gjeld opp mot vårt prestegjeld. Og altså dessutan skipar ein "sluse".

Om vi gjer dei rette grep no: Kanskje vi i neste generasjon står med eit levedyktig luthersk kyrkjesamfunn som kan bringe Evangeliet vidare til nye slektar i vårt kjære Noreg.

---

<sup>2</sup> <http://www.stellamaris.no/skglover.htm>

<sup>3</sup> <http://www.dnkk.no>

<sup>4</sup> <http://www.carissimi.nu>

<sup>5</sup> <http://www.nlm.no>

## Soknepresten i Øygarden



Dersom vi no ikkje får opp eit breitt kyrkjeleg alternativ, er det nok fåre for at kristent og kyrkjeleg arbeid om nokre år mange stader berre duger som ei fin utstilling på bygdemuséet.

### Slutning

Eg skriv dette til dykk straks før Påske:

Eg helsar alle dei truande og alle menneske av god vilje med dette Ordet frå Johannesevangeliet som er eit kall til å halde ut i striden for Evangeliet:

***"Då dei hadde halde måltid, sa Jesus til Simon Peter: «Simon Johannesson, elsker du meg meir enn desse?» «Ja, Herre,» svara han, «du veit at eg held av deg.» Jesus seier til han: «Fød lamma mine!» Og han seier til han andre gongen: «Simon Johannesson, elsker du meg?» «Ja, Herre,» svara Peter, «du veit at eg held av deg.» Jesus seier til han: «Gjæt sauene mine!» Så seier han tredje gongen: «Simon Johannesson, held du av meg?» Peter tykte det var leitt at Jesus tredje gongen spurde: «Held du av meg?» Og han svara: «Herre, du veit alt; du veit at eg held av deg.» Jesus seier til han: «Fød sauene mine! (Joh.21,15-17)***

Med venleg helsing  
Dykkar tenar i  
Kristus Jesus  
Svenn Martinsen  
sokneprest